



Arkivnr: 2014/2-5

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		09.01.2014

Re-godkjenning frå Sjøfartsdirektoratet og lukking av avvik ved studiestaden Austevoll**Samandrag**

Bergen maritime fagskole og studiestaden Austevoll har etter møte med Sjøfartsdirektoratet 10. juni 2013 sendt inn kvar sin søknad om re-godkjenning av sertifikata til dei maritime utdanningane ved skulane. Dagens godkjenningar er gått ut, og fagskulane har ikkje fått formell tilbakemelding om ny godkjenning. Avvika som vart avdekkja ved Austevoll maritime fagskule etter revisjon frå Sjøfartsdirektoratet vart svart på og sendt inn 23.09.13., og heller ikkje her har skulane fått tilbakemelding. Avvika er difor formelt ikkje lukka. Konsekvensen av dette er at skulane driv maritim utdanning utan offisiell godkjenning frå Sjøfartsdirektoratet, og skulane får ikkje lukka dei avvika som dei har retta opp. På bakgrunn av dette vil administrasjonen ved Opplæringsavdelinga tilrå at Hordaland fagskulestyre sender eit brev til Sjøfartsdirektoratet kor styret etterspør svar på re-godkjenninga og lukking av avvik ved Austevoll.

Forslag til vedtak

Hordaland fagskulestyre ber administrasjonen ved Opplæringsavdelinga om å sende eit brev til Sjøfartsdirektoratet for å etterspørja tilbakemelding på søknad om re-godkjenning av dei maritime sertifikata, og status i sak om lukking av avvik ved studiestaden Austevoll.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring
e.f.

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 02.01.2014

Bergen maritime fagskule og studiestaden Austevoll har etter møte med Sjøfartsdirektoratet 10. juni 2013 sendt inn kvar sin søknad om re-godkjenning av sertifikata til dei maritime utdanningane ved skulane. Dagens godkjenningar er gått ut, og fagskulane har per dags dato ikkje fått formell tilbakemelding om ny godkjenning. Avvika som vart avdekkja ved Austevoll maritime fagskule etter revisjon frå Sjøfartsdirektoratet vart svart på og sendt inn 23.09.13., og heller ikkje her har skulane fått tilbakemelding. Avvika er derfor formelt ikkje lukka. Fagskulane har etterspurt svar frå sjøfartsdirektoratet, men har ikkje fått tilbakemelding om når dei kan vente ei avgjerd.

Konsekvensen av dette er at skulane driv maritim utdanning utan offisiell godkjenning frå Sjøfartsdirektoratet, og skulane får ikkje lukka dei avvika som dei har retta opp. Godkjenningane og lukkinga av avvika er også ein viktig del av samanslåinga av Bergen maritime fagskole og Austevoll maritime fagskule. Sjøfartsdirektoratet ønskte at alle avvik skulle vere lukka før skulane vart slått saman, men av di dette har teke lang tid ønskjer Bergen maritime fagskole å starta prosessen med formell samanslåing slik at dette er ferdig tidleg vår 2014.

På bakgrunn av dette vil administrasjonen ved Opplæringsavdelinga tilrå at Hordaland fagskulestyre sender eit brev til Sjøfartsdirektoratet kor styret etterspør svar på re-godkjenninga og lukking av avvik ved Austevoll.